



Leiar i sogelandet Anny Nygård Mehl takkar Lars Jostein Rørvik for jobben

Endeleg har førstereisgutane i Kvinnherad fått den boka dei fortener - som nummer 17 i ein imponerande serie av årbøker som sogelaget står bak. Det er ikkje for tidleg, og produktet er godtoog gjennomarbeidd sjølv om krumtappane bak det, med Lars Jostein Rørvik i spissen, ikkje er profesjonelle. 13 har fortalt om livet sitt til sjøs, og to av dei er uskedelinger - Einar Pile og Klara Døsland.

Skriftstyraren var ikkje snauare under presentasjonen i Gamleskulen i kveld enn at han tok en trall som eit supplement til det skriftlege. Ikkje uventa var det visa om han Daniel.....

Det var nok ofte ein tøff debut til sjøs for gutane som ofte ikkje var over 15. Til dømes fortalde ein av dei om sin debut i kveld. Då han steig ombord på Sola i konfirmasjonsdressen, sa ein veteran;- Du går på feil buss, dette er ingen skulebuss!

Men det let til at stort sett berre gode minne vert formidla gjennom dei 169 sidene. Ikkje minst er det psotivt at sjømannskyrkjene har fått ein skikkeleg plass i boka. Dei har hatt ein stor og viktig posisjon i norske sjømanns liv opp gjennom åra. Redaktøren er ellers stolt over å ha fått denne jobben og takknemleg for å ha fått vakse opp i ein gullalder til sjøs.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Dei har aust av stoffkjeldene sine. Her er dei på Gamleskolen ikveld